

Kapittel 3

Ulike støtteordningar for frivillige lag og organisasjonar

Eksempel på lag som har fått støtte til lokalt prosjekt:

Nedre Buskerud Fjordhestlag i samarbeid med Eiker Ride- og kjøreklubb søkte og mottok tilbod om støtte frå lokal sparebank (kr 200 000) til utbetring av ridebane for konkurransekøyring og aktivitetar som rekrutterer barn og unge til hestesporten.

Fokus Unghest

Denne satsinga er meint å vere ein ressurs for deg som driv med unghest, og er eit resultat av samarbeidet mellom Norges Fjordhestlag, Landslaget for Dølahest og Landslaget for nordlandshest/lyngshest. På nettsida unghest.no finn ein oversikt over ulike kursmodular og kurs som lag kan arrangere. Fokus Unghest ønskjer å bidra med økonomisk støtte til lag som vil arrangere slike kurs.

Gjensidigestiftelsen

Den største stiftelsen i Norge. Ønskjer å skape eit sunnare og meir aktivt Norge. Dei støttar lag, foreiningar og organisasjonar som er registrerte i frivillighetsregisteret. Stiftelsen støttar prosjekt som ligg innafor følgande innsatsområde:

Tryggleik, meistring og læring, sosial inkludering og mangfald, fysisk aktivitet og kosthald.

Tippemidlar til kjøp av utstyr

Stønadsordning for idrettslag som ligg under Norges Rytterforbund. Her har ein mulegheit til å få støtta 33% av utstyrs-kategorien. Eksempel på utstyr det vert gjeve stønad til er hindermateriell, tidtakaranlegg, hjelm og tryggleiksutsyr og liknande.

Extrastiftelsen

Her kan idrettslag søkje om midlar via idrettsforbund, til helse-relaterte prosjekt. Det kan vere midlar til prosjekt som eksempelvis fremjar fysisk og psykisk helse.

Kulturmidlar

Dei fleste kommunar har støtteordningar på kulturområdet som dei fleste frivillige organisasjonar kan søke på. Sjekk ut nettsida til kommunen du bur i.

Sparebankstiftelsen

Her kan ein søke to gongar pr år. Stiftelsen støttar prosjekt som skapar engasjement som har verdi over tid og involverer frivillege. Stiftelsen ønskjer og at tiltaket/prosjektet skal gje eit positivt bidrag til born og unge.

IF trygghetsfond

Har som hovudføremål å gje støtte til skadeforebyggande eller skadereduserande tiltak i nærmiljøet ditt. Dette kan for eksempel vere førstehjelpsutstyr, refleksvestar osv. Fondet donerer både pengar og utstyr